

Faukstad og Bjørkum til Uskedalen

12.03.2012



**Om kvelden tysdag 29. mai blir det ein stor kveld i Helgheim for dei som likar frisk tradisjonsmusikk. Då skal gudbrandsdølane Jon Faukstad og Per Sæmund Bjørkum gje ein konsert og det blir høve for ein dans etterpå hvis det er interesse for dei.**

**Faukstad er professor ved Musikkhøgskulen og spelar trekkspele og akkordeon medan Bjørkum er violinist i Oslo filharmoniske orkester. No har dei spela saman i rundt 20 år og dei var på rundtur i Kvinnherad seinast i fjar vår.**

Konserten i Uskedalen er i regi av Den kulturelle spaserstokken og dagen etter skal dei til Varaldsøy og Ølve.

Faukstad er den einaste trekkspele-professoren vi har i landet og trakterar einradaren like suverent som akkordeon.

Han og Bjørkum har lege lenge i den nasjonale toppklassa med instrumenta sine.

Under konserten vil dei sikkert mellom anna presentera det som mange oppfattar som deira glansnummer - eit potpourri over bryllupsleikar frå Gudbrandsdalen. Men dei vil nok også sneia innom både Frossini og Taube og demonstrera kor allsidige dei er.

På biletet spelar dei på Rosendalstunet i fjar

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen